

4. juni 2002

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref. 13617/EF/B1

Høyringsinnspel NOU 2002:1

Vedlagt følger høyringsinnspel frå Norsk Husflidsmuseum og Kompetansesenter for Husflid og Småindustri. Av praktiske årsaker vert det sendt eit felles innspel.

Vi er lokalisert i Målselv, og har arbeida for dei små kvinnedominerte handverksfaga i ca. 15 år. Meir informasjon om oss og vår aktivitet kan finnast på www.kompetansesenter-khs.no

Med helsing



Erlend Elose
Dagleg leder

HØYRINGSINNSPEL TIL NOU 2002:1 Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk.

Vi har med stor interesse studert den framlagde utgreinga "Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk." Først vil vi gi departementet ros for å ha tatt initiativ til å få ei eiga utgreiing på eit så viktig område. Til sjølve utgreiinga har vi nokre kommentarar. Kommentrarane våre er oppsett i trå med punkt 1 og 2 i brev til høyringsinnstansar, men innhaldet gjeld også andre punkt.

1. Utredningens mål, strategier og innsatsområder som grunnlag for en framtidsrettet kulturminnepolitikk.

Favner utredningens mål, strategier og innsatsområder hovedelementene i det som bør bli den nye og framtidsrettede kulturminnepolitikken?

Ved definering av kulturminner og kulturmiljø er det lagt vekt på landskap og bygningar. Vi siterer 3. avsnitt under pkt. 2.1 *"Alle de spor menneskers liv og virksomhet har etterlatt seg i omgivelsene er kulturminner og kulturmiljøer, enden de tilhører en fjern eller en nær fortid. Mest iøynefallende er det bygde miljøet – bygninger og anlegg – fra forskjellige tider og brukt til forskjellige formål. Men menneskene har også satt spor etter seg i produksjonslandskapet."*

Vårt utgangspunkt er at kulturminner har vorte skapt av begge kjønn, innanfor alle samfunnssjikt og innanfor alle yrker og profesjonar. Defineringa av kulturminner og kulturmiljø er tydeleg på at landskap og bygningar inngår i definisjonen, medan mange andre gamle kulturminner er lite omtalt, eller omtalt på ein slik måte at interessentar for desse kulturminna må innta ei aktiv haldning for å oppnå forståing for at dei er innkludert i utgreiinga.

Museum og verneinteresser har vorte kritisert for å vere maskulint orienterte. Sjølv om det er oppretta eit Kvinnemuseum på Kongsvinger fritar ikkje dette oss frå ei kjønnsbalansert prioritering av innsatsen vidare. Det skulle vere rimeleg å anta at kvinner har stått for ca. 50% av kulturarven i Noreg. Dette sjølv om kvinner historisk sett ikkje har hatt noko dominerande rolle i forming av landskap eller bygningar. Derimot har kvinner hatt ei dominerande rolle i forhold til matlaging, klær og tekstil, drift av småbruk (der mannen har vore på anna arbeid) osv. Her ligg ei kulturarv som i lita grad er omtala i utgreiinga.

Mykje av kulturarven knyter seg til praktisk bruk av gjenstandar, og tilpassing av livssituasjonen til dei rammevilkår som nærmiljøet gav. Ivaretaking av gjenstandar eller verving av landskap er enkeltelement. Det er i stor grad den **handlingsborne kunnskapen**, der kunnskapspersonar kan handverk og arbeidsteknikkar, som knyter ulike elementa av kulturarven saman og gir eit meir fullstendig bilete av våre forgjengarar sine livsvilkår.

Er det noe som er uaktuelt eller mindre interessant å arbeide videre med i oppfølgingen av utredningen?

Ein del fagområder har vorte prioritert i kulturminnevernet tidlegare. Dette har ført til at dei fagområda har fått bygd opp miljø som arbeider godt innanfor sitt område. Det betyr ikkje at

fagområda har fått ressursar til å dekke arbeidsnivåa sine, men snarare at fagområda evnar å styrke sin posisjon i forhold til fagområde som har kome i bakgrunnen. Vi hadde håpa at denne utgreinga hadde vore klarare på ei meir balansert satsing mellom ulike delar av kulturarven. Ei meir balansert satsing må enter medføre eit økonomisk løft totalt, eller ei nedprioritering av satsingsområda til kulturminneinteressene som står sterkast i dag.

2 Hvordan legge til rette for aktiv bruk og ivaretagelse av mangfoldet i kulturarven?

Ivaretaking av kulturarven krev handling på mange områder. Generellt vil vi likevel hevde at ein levande kulturarv er ei betre ivaretaking enn ei sovande kulturarv. Dette er ikkje nokon kritikk av museum o.l. institusjonar, men snarare vårt råd om å tenke alternativt til personar, institusjonar og politikarar som arbeider med spørsmål omkring kulturarv.

Vi kan her m.a. vise til mindretalet i utvalet, vi refererer:

"Tradisjonelt har vern av løseblitt likestilt med innsamling og konservering. Det kan være et riktig tiltak i enkelte situasjoner. Men heller ikke denne metoden er den rette i alle situasjoner og til alle tider.

For det første konstanterer flertallet selv at tilstanden ved noen av museene er alvorlig og at "deler av materialet vil gå tapt dersom nødvendige tiltak ikke settes inn."

Flertallets svar på denne utfordringen er økte bevilgninger slik at kapasiteten ved museene kan økes. Flertallet har heller ikke her foretatt en problematisering om hva som bør gjøres i tilfelle tilstrekkelige bevilgninger ikke kommer.

Dette kan vanskelig forstås på annen måte enn at da vil kulturminnene gå tapt.

Det er sterkt beklagelig at ikke utvalgets flertall søker andre alternativer enn tradisjonell konservering i offentlig og halvoffentlig regi."

Det er mange som har glede og interesse av kulturminner. Sjølv om staten må ha eit hovudansvar er vi einige i at det vil vere urealistisk å forvente at staten skal ta heile ansvaret.

Difor vil vi støtte gode tiltak som bidreg til å oppretthalde eller auke interessa for kulturarven. Herunder er det nokre moment som vi vil framheve sterkare enn kva vi meiner at utgreinga gjer.

1. Ei levande kulturarv føreset kulturbærarar med kunnskap. Den beste måten å sikre eit tilfredsstillande tal kulturbærarar er ei betre tilrettelegging av opplæring i små handverksfag og gamle teknikkar. Gjennom aktive næringsdrivande handverkarar innanfor tradisjonsfag sikrar ein kulturbærarar og ambasadørar for kulturarven på ein god måte for samfunnet.
2. Gleda over å skape noko, eller å forstå og kunne bruke ein gjenstand er, saman med ei historisk interesse, viktige grunnar for kulturarvinteressa i det norske folk. Gjennom ei mest mogeleg heilskapleg tenking kan det leggjast eit sterkare grunnlag for denne

interessa, og dermed også ei sterkare interessa for ivaretaking av kulturarva. Nokre konkrete døme kan vere:

- Dei kommunale musikk og kulturskulane har i stor grad henta lærekrefter hjå utøvande musikarar. Det å lære av kompetansepersoner er givande, og bør i større grad enn i dag overførast til andre deler av dette tilbodet. Ved å trekke inn utøvande tradisjonshandverkarar kan grunnlaget leggst for ein sterkare praktisk kunnskap om vår kulturarv.
- Den same funksjonen kan handverkarar ha i grunnskulen og den vidaregåande skulen. I tillegg ser vi at koplingar mellom t.d. historiefaget og kunst og handverk vil vere spanande i forhold til kulturminnevernet. Ein tilleggseffekt er at tradisjonshandverkarar som får ein fot inn i ein undervisningssituasjon vil få ein ekstra fot å stå på. Dette er også viktig for å sikre at personar kan leve av tradisjonshandverk i framtida.
- Etter at formell utdanning er avslutta må det givast rom for at personar kan få investere ressursar og tid i kulturminner. Dette medfører at personar må kunne få eigedomsrett til kulturminner, og må få ha innverknad på måten kulturminnet vert ivareteke og brukt. Ein konsekvens av dette bør også vere at det offentlege i større grad må ta ansvar for kulturminner på områder der den private investeringsviljen er liten, på bekostning av områder der den private investeringsviljen er middels til stor.